



نوزيبال والشعرات الثلاث

Nozibele og dei tre hårstråa

- ✎ Tessa Welch
- 👤 Wiehan de Jager
- 💬 Maaouia Haj Mabrouk
- 🗣️ arabisk / nynorsk
- 📊 nivå 3





يحقى في قديم الزمان أن ثلاث فتيات قصدن الغابة لجمع الحطب.

...

For lenge, lenge sidan gjekk tre jenter ut for å samla ved.



كان اليوم حارا فنزلت الفتيات الثلاثة إلى النهر ليستحممن. فلعبن
وسبحن ونثرن الماء هنا وهناك.

...

Det var ein varm dag, så dei gjekk ned til elva for
å symja. Dei leikte og plaska og sumde i vatnet.



وفجأة انتبهن إلى أن الوقت قد تأخر بهن فأسرعن بالعودة إلى القرية.

...

Plutseleg merka dei at det var vorte seint. Dei skunda seg tilbake til landsbyen.



وعندما شارفن على بلوغ منازلهن رفعت نوزيبال يدها إلى رقبتها
فتفطنت إلى أنها نسيت عقدها عند النهر. توصلت نوزيبال إلى
صديقتها بأن يرجعا معها إلى هناك لكنهما رفضتا لأن الوقت كان
متأخرا.

...

Då dei var nesten heime, la Nozibele handa på
halsen. Ho hadde gløymt halsbandet! “Ver så snill
å dra tilbake saman med meg!” trygla ho
veninnene sine. Men veninnene hennar sa at det
var for seint.



رجعت نوزيبال بمفردها إلى النهر. وجدت عقدها هناك فأخذته وقفلت
مسرعة إلى البيت. غير أنها أضاعت طريقها لأن الظلام كان قد أسدل
ستاره على المكان.

...

Så Nozibele gjekk tilbake til elva åleine. Ho fann
halsbandet og skunda seg heim. Men ho gjekk
seg vill i mørket.



رأت نوزيبال ضوءا ينبعث من كوخ من بعيد فأسرعت إلى الكوخ
وطرقت الباب.

...

I det fjerne såg ho lys som kom frå ei hytte. Ho
sprang mot hytta og banka på døra.



وكم كانت مفاجأتها كبيرة عندما فتح الباب كلب وقال لها: "ماذا تريدین؟" أجابت نوزيبال: "لقد أضعت طريقي وأنا بحاجة لمكان أنام فيه." فقال الكلب: "ادخلي، وإلا أقت بعضك". فدخلت نوزيبال الكوخ.

...

Så forundra ho vart då det var ein hund som opna døra og sa: "Kva er det du vil?" "Eg har gått meg vill og treng ein stad å sova", sa Nozibele. "Kom inn, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele gjekk inn.



ثم قال الكلب: "هيا اطبخي لي طعاما"، أجابت نوزيبال: "أنا لم أطبخ لكلب قط من قبل"، لكن الكلب أصر: "هيا...اطبخي وإلا قمت بعضك". انصاعت نوزيبال لأمر الكلب وطبخت له طعاما.

...

Då sa hunden: "Lag mat til meg!" "Men eg har aldri laga mat til ein hund før", svara ho. "Lag mat, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele laga litt mat til hunden.



ثم قال الكلب: "رتبي لي فراشي". أجابت نوزيبال: "لكني لم أرتب فراشا لكلب قط من قبل". أصر الكلب: "حضري لي الفراش وإلا عضضتك". عندها رتبت نوزيبال له الفراش.

...

Då sa hunden: "Rei opp senga for meg!" Nozibele svara: "Eg har aldri reidd opp senga for ein hund." "Rei opp senga, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele reidde opp senga.



وأصبحت نوزيبال تطبخ وتكنس وتغسل للكلب كل يوم. وذات يوم من الأيام، قال الكلب لنوزيبال: "نوزيبال، سأذهب اليوم لزيارة بعض الأصدقاء، عليك أن تكنسي المنزل وتطبخي الطعام وتغسلي ثيابي قبل أن أعود."

...

Kvar dag måtte ho laga mat og feia og gjera reint for hunden. Så ein dag sa hunden: "Nozibele, i dag må eg vitja nokre vener. Fei huset, lag mat og gjer reint før eg kjem tilbake."



وبمجرد أن غادر الكلب الكوخ، قطعت نوزيبال ثلاث شعرات من رأسها
ووضعت واحدة تحت السرير وواحدة وراء الباب وواحدة على سور
الكوخ وجرت مسرعة إلى بيتها.

...

Så snart hunden var dregen, tok Nozibele tre
hårstrå frå hovudet sitt. Ho la eitt hårstrå under
senga, eitt bak døra, og eitt i innhegninga. Så
sprang ho heim så fort ho orka.



وعندما رجع الكلب إلى كوخه طفق يبحث عن نوزيبال: "نوزيبال، أين أنت؟" أجابت الشعرة الأولى: "أنا هنا، تحت السرير"، وقالت الشعرة الثانية: "أنا هنا وراء الباب". وقالت الشعرة الثالثة: "أنا هنا على سور الكوخ".

...

Då hunden kom tilbake, leitte han etter Nozibele. "Nozibele, kor er du?" ropte han. "Eg er her, under senga", sa det første hårstrået. "Eg er her, bak døra", sa det andre hårstrået. "Eg er her, i innhegninga", sa det tredje hårstrået.



عندها عرف الكلب أن نوزيبال قد خدعته، فانطلق مسرعا نحو القرية،
لكن إخوة نوزيبال كانوا بانتظاره وبأيديهم عصا غليظة. خاف الكلب
فرجع أدراجه وأطلق أقدامه للريح ولم يره أحد منذ ذلك اليوم.

...

Då skjønnte hunden at Nozibele hadde lurt han. Så
han sprang og sprang heile vegen til landsbyen.
Men der venta brørne til Nozibele med store
kjeppar. Hunden snudde seg og sprang bort, og
han har ikkje vorte sett sidan.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

نوزيبال والشعرات الثلاث

Nozibele og dei tre hårstråa

Skrevet av: Tessa Welch

Illustret av: Wiehan de Jager

Oversatt av: Maaouia Haj Mabrouk (ar), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/).